



Kjære ordfører

**Børge Haugetun - Øygarden**

**Marianne S Bjørøy – Fjell**

**Kari Anne Landro – Sund**

**Terje Mathiassen – Askøy**

**Øyvind Oddekalv – Meland**

**Jon Askeland – Radøy**

**Per Lerøy – Austrheim**

**Astrid Aarhus Byrknes - Lindås**

**Karstein Totland – Masfjorden**

Som de kjenner til er vår verksemd lokalisert i alle dykkar kommune på land eller på sjø, og eg sender dykk derfor eit fells skriv.

Eg registrerer at det er stort fokus på plast som eit miljøproblem for tida, og at det er ulike oppryddingsaksjonar pågang iverksett av ulike frivillige aktørar. Dette synes me er kjemp flott, og ynskjer å støtte opp om dette. Me har ein flåte av 6-7 servicebåtar lokalisert rundt i nord og midt Hordaland, og vil med dette stilla oss til disposisjon for å hente inn innsamla plast frå skjærgarden og frakta det til land og få det i container

Det er vanskeleg for oss å kordinere og planlegga noko slikt, men hvis kommunane saman frivillige har aksjonar pågang må de gjerne ta kontakt, så skal me stilla opp å få gjort jobben utan noko som helst vederlag for det. Me treng berre ein plan over kva me skal henta, og kor tid det skal skje. Me har stor krankapasitet og dekksplass på båtane våre, og har mannskap og ressursar å setta inn til slike dugnader om ynskjeleg. Ta kontakt med underteikna dersom de er interessert i å involvere oss i slike ryddedugnader.

**Blom Fiskeoppdrett AS**

*Øyvind Blom*

Dagleg leiar Tlf: **91 38 10 67** mail: [ob@blomsea.no](mailto:ob@blomsea.no)